



Naustet som kanskje blir erstatta av ein fritidsbolig. Grunnmuren har som ein ser rasa ut midt under. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Inger og Ingvald Haara i Beinavikjo i Uskedalen har no bedt om at kommunen på ny handsamar deira søknad om riving av naust og dispensasjon frå bustadføremål til fritidsføremål for ein strandeigedom.

Etter gjeldande kommuneplan er denne regulert til bustadføremål, men fordi Uskedalen Brygge AS starta arbeid med privat reguleringsplan fekk dei i april i fjor mellombels delings- og byggjeforbod. I brevet til kommunen spør dei også om kor lenge ein privat utbyggjar – i dette tilfelle Uskedalen Brygge – kan halda på med planleggjing av ein reguleringsplan som omfattar areal i privat eige.

Inger og Ungvald Haara har halde seg i ro og venta på at arbeidet med planen skulle ha ein eller annan form for framdrift. Men det einaste signalet dei har fått er ein telefon sist vår frå Arkitektkontoret Anders og Olav Vikøren

med opplysning om at tre private eigarar var utelete frå planen, medan Haare sine eigedomar framleis var inkludert i arealet som var teke inn i han.

Sidan er situasjonen endra fordi muren har rasa ut under naustet, truleg 14. eller 15. januar i år då det var mange stormfloskadar på kaianlegg i distriktet. Skaden blir dekt av forsikringsselskapet som naturskade og bør bli utbetra før kommande vinter for at muren ikkje skal bli vaska ut enda meir, held søkjarane fram. Og det vil bli ein enklare tilkomst for reparasjonen hvis naustet blir reve.

Det er også i paret si interesse at det skjer, men dei ber om ei avklåring på dette spørsmålet: Kan dei erstatta naustbygget med ein fritidsbolig?

Av Ola Matti Mathisen